

## Fleire hus snart i Ospelunden

29.03.2012



Her kjem det einebustader. Området er nyleg avskoga.

**Ospelunden er det største bustadfeltet i Uskedalen med sine 60 tomter og no tyder alt på at det blir større fart i utbyggjinga av feltet. Ein grunn til at starten har vore litt treg etter omorganiseringa er at konsulenten måtte bruka tid på den tekniske planen, men no nærmar den jobben seg slutten.**

**Det opplysar Oddbjørn Kroka som har halvparten av aksjane i utbyggjingsselskapet medan Kvinnherad Bygg har den andre halvparten.**



Her skal det byggjast tomannsbustad.

Det er no avskoga i to områder, på oppsiden av vegen opp til dei få husa som allereie er bygd i området og på 'sentrum-sida' av desse.

På det første området

skal utbyggjingsselskapet sjølv reisa ein tomannsbustad som ikkje er seld men som skal leggjast ut på marknaden og på det andre området skal det byggjast 2 einbustader der tomtene er selde..

På bakgrunn av at det ikkje har funne stad nokon systematisk marknadsføring førebels tykkjer Kroka at responsen har vore god og han er optimist på vegne av prosjektet,

Det har imidlertid teke lang tid å komma dit dei no er nådd med Ospelunden, som er 100 mål stort og har 6 eigarar der ein av dei er eit sameige.

Ingeniør Egil Ulvund i Jondal starta på oppdrag frå grunneigarane arbeidet med reguleringsplanen for 11 år sidan og den var klar i 2004..

Det er Ulvund som også utarbeidar den tekniske planen.

Dei som vil satsa i Ospelunden må ikkje satsa på ein bestemt husmmodell.

Den fantastiske utsikten mot fjorden og nærleiken til eit stinett som fører til fjells er to av fleire gode salsargument.

To andre er badeplassen i Gulvika og sykkel- og gangbana til sentrum. .

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen